



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Lars Kringstad, 71 25 84 50

Høring av revisjonsdokument for Åmelavassdraget - Vanylven og Volda kommunar.

Bakgrunn

NVE har vedtatt at vilkåra for regulering av Åmelavassdraget, gitt ved kgl.res. 16.06.1972, skal reviderast. Dette med bakgrunn i krav frå grunneigarar og elveigarlag knytt til Norddalselva (Vikelva) og Åheimselva. Revisjonsdokumentet er utarbeidd av Tussa Energi AS etter føringar frå NVE. Dokumentet omtalar reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med.

Vurdering

Revisjonsdokumentet omhandlar berre to av vassdraga som er rørt av utbygginga. Når ein no opnar for revisjon meiner vi det vil vere naturleg å vurdere heile utbygginga; dvs ein gjennomgang og synleggjering av konsekvensane av utbygginga og vurdering av moglege avbøtande tiltak for alle dei rørte vassdraga.

Revisjonsdokumentet nemner NVE rapport 49/2013 (*Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022*). Her er Åmelavassdraget sett i kategori 2.1 (ikkje prioritert). Ser ein nærare på dette (s. 208) ser det ut til at prioriteringa kun byggjer på påverknad på Åmela og Stårheimselva. At reguleringa også påverkar dei to viktigaste anadrome vassdraga Norddalselva og Åheimselva er tydelegvis ikkje kome med i vurderinga. Vi har i samband med høyringa ikkje gått nærare inn på ei miljøvurdering av desse vassdraga etter dei kriteriana som er nytta i rapport 49/2013. (Her kan vi nemne at det i 2021 vart oppdaga liknande feil ved to andre vassdragsutbyggingar som er med i rapport 49/2013. Dette resulterte i at krav om at minstevassføring vart prioritert ved rullering av regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Møre og Romsdal).

Vi registrerer også at påverknader frå vasskraft på Åheimselva/Gusdalselva ikkje har kome med i vurderingane i Vann-nett. Dette er ein feil som vi kjem til å rette opp.

Etter vår vurdering av ålmenne interesser i desse vassdragsområda er det reguleringas konsekvensar for anadrom fisk som er mest sentralt. Som følge av dette vil også utøving av sportsfiske og næringsinteresser knytt til dette vere viktig.

Når det gjeld innlandsfisk er det er gitt pålegg om utsetting av innlandsaure i Storlidvatnet, Løysingvatn sør og nord, samt Åmela. Fisk blir sett ut i Steinkvivatnet i staden for Åmela på grunn av lita vassføring i elva.

Friluftsverdiane, i tillegg til sportsfiske, er i hovudsak knytt til fjellområda som lokale turområde. Områda rundt dei regulerte vatna Storlidvatnet, Sarpavatnet og Dansavatnet og fjellet Blæja er nytta som turområde og hytteområde og er utgangspunkt for toppturar. Vasskraftutbygginga, med veg inn i fjellet, har gjort desse lettare tilgjengelege i sommarhalvåret. Dette området er i GisLink registrert som *Storlida - viktig friluftslivsområde*.

Naturfaglege verdier som er/kan vere rørt av reguleringa er kommentert under dei enkelte vassdraga.

Under følgjer ei nærare vurdering av dei enkelte vassdraga.


Vassdraga

Norrdalselva (Vikelva)

Vassdraget er fråført vatn ved at Kvanndalsvatnet nord og Sandfjellelva er overført til Åmela kraftverk. Anadrom strekning er på ca. 2 km, med vandringshinder ved Sarpefossen. Ovenfor Sarpefossen er det en 3-4 kilometer lang strekning som tidligere hadde gode produksjonsforhold for innlandsørret og sannsynligvis ål. Konsesjonsdokumentet viser at tilsiget ved vandringshinderet er redusert med 27 % og ved utløpet er reduksjonen på ca. 22 %. Ved øvre del av elva – ca. 6 km frå utløpet – er vassføringsreduksjonen på 49 % (her møter Tennelva Norrdalselva).

Sweco (2019) viser at lakseførande strekning har få rolege parti, der kun eitt område er definert som kulp. Andelen av gytehabitat er kategorisert som lågt og undersøkingar viser at tettleiken av årsyngel og ungfisk av laks er *svært låg* og av sjøaure *låg*. Bestandstilstanden for sjøaure er av Vitenskapelig råd for lakseforvaltning vurdert til *svært dårleg* (VRLF 2022), der lakselus er den viktigaste påverkar.

Vitenskapelig råd for lakseforvaltning har gjort ei forenkla tilstandsvurdering for laks, der Norrdalselva fekk god/*svært god* tilstand (VRL 2021). Sidan det ikkje er fangststatistikk eller



gytefiskteljingar frå nyare tid, er dette ei teoretisk vurdering med stor usikkerheit. Lakselus er vurdert til viktigaste påverkar, med vasskraft, samferdsel, landbruk, avløp og rømt oppdrettslaks har også negativ effekt. Sidan elva har vore stengt for fiske er beskatning sett til ingen eller svært låg.

I samband med skjønnnet i 1975 kom oppnemnt fiskerisakkyndig med vurdering av fisket i Norrdalselva. Her vart det m.a. peika på at elva

generelt er svært grunn ved normal vassføring og har ingen markert djupål. Vidare at det totalt sett synest å vere knapt med gyteområde på anadrom strekning. Heile strekninga vart likevel vurdert til å vere eit svært bra oppvekstområde for fiskeungar. Det vart også nemnt at utsetting av yngel er viktig, men at det for dei fleste år blir sett ut for lite. Når det gjeld fisket blir det vist til at den

gjennomsnittlege fangst i vassdraget for perioden 1967-1974 er rekna til 339 kg, med eit toppår i 1974 med 1050 kg. Konsekvensane ved ei utbygging blir m.a. vurdert slik: redusert vassføring fører til at fisken bruker lengre tid på å lokalisere og gå opp i vassdraget, utøving av fisket blir forstyrra ved at flaumane kjem seinare og kulminerer tidlegare enn før, redusert vassføring om sommaren fører til tap av oppvekstområde og tørrlegging av gyte- og opphaldsplassar for ungfisk i vinterhalvåret.

Revisjonsdokumentet går ikkje særleg inn på i kva grad reguleringa kan ha gitt slike negative effektar som omtalt i skjønnsvurderinga og eventuelt i kva grad eit endra vassføringsregime kan avbøte på dette. Vi saknar derfor eit betre kunnskapsgrunnlag for ei slik vurdering.

Auka begroing av vassdraget har også vore påpeikt som ein mogleg konsekvens av reguleringa, særleg i øvre deler av elva. I tillegg kan avrenning frå jordbruk og spreidd busetnad spele inn. Når det gjeld begroing har vi i utgangspunktet liten kunnskap om tilstanden i Norddalselva. Sweco (2019) har kartlagt begroing på anadrom strekning. Den viser varierende grad av begroing, utan at dei kunne fastslå om t.d. jordbruksavrenning kan vere årsaka. Rapporten ser ikkje på begroing som den største utfordringa for anadrom fisk. Det trengst nærare undersøkingar for å fastslå graden av begroing og kva for påverknader som reelt er årsak til begroinga.

Når det gjeld andre naturfaglege registreringar er utløpet av Norddalselva vist som *brakkvassdelta* av viktig verdi (www.naturbase.no). Dette er eit lite og i hovudsak fysisk intakt deltaområde. Det er ikkje gjort vurderingar i kva grad redusert vassføring har påverka deltaet.

Det er ikkje registrert elvemusling i Norddalselva. Ål finst i vassdraget ifølge rapporten *Naturfaglige konsesjonsvilkår knyttet til vasskraftutbygging* i Møre og Romsdal (Eklo 1993).

Det er heimel for å pålegge fiskeutsetting og biotopfremjande tiltak i Norddalselva. Det er gitt pålegg om å bygge tersklar og naudsynt erosjonssikring i konsesjonsdokumentet frå 1972, men korkje dette eller fiskeutsetting har blitt gjennomført etter reguleringa.

Sidan det er få gyteområde i Norddalselva nedanfor vandringshinderet, bør det vurderast om dei flatare strekningane ovanfor kan ha potensiale som utvida anadrom sone, med eller utan auka vasslepp.

Åheimselva/Gusdalselva

Vassdraget er fråført vatn ved at Kvanndalsvatn Sør er overført til Åmela kraftverk. Åheimselva har ifølge lakseregisteret lakseførande strekning på 8,4 km, medan den i revisjonsdokumentet er oppgitt 7,5 km (?). Dokumentet viser, med utgangspunkt i øvre del av anadrom strekning (vandringshinderet), at fråføring av vatn utgjer om lag 21 %. Tilsvarande er dette 9 % ved utløp i fjorden. Fråført del av nedbørsfeltet ligg høgt og har normalt meir nedbør/seinare snøsmelting, noko som før reguleringa ga meir vatn i elva i sommarsesongen.

Vitenskapelig råd for lakseforvaltning (VRL-2018) viser at for perioden 2013-2017 har vassdraget oppnådd *svært god* gytebestand. Resultat frå seinare sesongar viser at det har vore svært god gytebestandsmåloppnåing for laks i perioden 2018-2022 (VRL 2022).

Sjøaurebestanden i Åheimselva er derimot vurdert til dårleg tilstand med lakselus som viktigaste påverknad, følgt av vasskraft og fangstpåverknad.

Når det gjeld oppvekstområde er gytehabitat definert som middels, med relativt få gyteområde og avgrensa skjul. Det er også stadvis mykje finstoff i gytegrusen.

Laksebestanden i Åheimselva har for tida svært god tilstand. Elveigarlaget viser til at elva er mykje stengt på grunn av lita vassføring. Sjølvpålagt stenging ved lita vassføring har truleg bidratt til at laksebestanden har klart å halde seg oppe. Statsforvaltaren har ikkje så god kunnskap om mindre vassføring gjer at det er vanskelegare for laksen å kome seg opp i øvre del av anadrom strekning. Åheimsvassdraget (særleg GUSDALSSELVA) har ein god del finsediment. Minstevassføring ville truleg ha ført til mindre gjenklogging av substrat og auka produksjon av ungfisk av laks og sjøaure i desse områda.

Revisjonsforslaget viser til ei rekkje tiltak for å betre habitatforholda for laks og sjøaure. Vi meiner likevel at før ein vurderer desse konkret, må kunnskapsgrunnlaget om konsekvensane av dei hydrologiske effektane av reguleringa vere betre utgreidd. Som t.d. konsekvensane ved ulike vassføringer.

Vassdraget har ein livskraftig bestand av elvemusling opp til GUSDALSVATNET. I rapport frå Rådgivende biologer (1335-2009) er bestanden vurdert til å ha «meget høy verneverdi».

Ål finst i Åheimsvassdraget ifølge rapporten *Naturfaglige konsesjonsvilkår knyttet til vasskraftutbygging i Møre og Romsdal* (Eklo 1993).

I Naturbasen (www.naturbase.no) er det viste ein del naturfaglege registreringar langs vassdraget. Om eller i kva grad redusert vassføring i vassdraget har påverka desse negativt bør synleggjerast i revisjonsarbeidet:

- Ved utløpet av Åheimsvassdraget ligg ein naturtype *brakkvasspoll* (Åheim) av *viktig* verdi. Det er usikkert om/eller i kva grad redusert vassføring (9 % ved utløpet) kan ha påverka denne.
- Åheimsvassdraget, frå vågosen opp til GUSDALSVATNET, registrert som naturtype *bekkedrag* av *svært viktig* verdi. Grunngevinga for verdsettinga er storleik, grad av inngrep, samt biologiske verdiar. Her er særskilt elvemusling nemnt. Det blir påpeikt at sedimentering kan vere forklaring på funn av døde muslingar. Det blir vidare nemnt at populasjonen av elvemusling er redusert etter reguleringa i 1975, utan at dette er nærare grunngeve.
- GUSDALSVATNET er registrert som naturtype *andre viktige førekomstar* av *viktig* verdi. Dette m.a. fordi innsjøar på olivingrunn er ein sjeldan naturtype og det er registrert ein raudlista kransalgart. Sedimentering frå dagbrota i området har hatt negativ innverknad på lokaliteten. Ein kan ikkje sjå bort frå at også redusert vassføring pga kraftutbygging kan ha verka i negativ retning, utan at dette er nærare undersøkt/dokumentert.
- Vidare opp langs Åheimsvassdraget er det registrert fleire førekomstar av den utvalte naturtypen *olivinskog* av *svært høg* og *høg* kvalitet. Denne naturtypen er raudlista. Vi kjenner ikkje til opplysningar som skulle tilseie at reguleringa har hatt negative konsekvensar for denne naturtypen.
- Ved Hellebostmyrane er det registrert ein naturtype *kroksjøar, flaumdammar og meanderende elveparti* av *viktig* verdi. Redusert vassføring som følgje av regulering kan vere negativt for naturtypen, men vi har liten kunnskap om utviklinga her over tid.
- Ved Brattegjølfossen (om lag 2,5 km ovanfor anadrom stopp) vart det i 2008 registrert ein naturtype *fossesprøytzone* av *lokal* verdi. Brattegjølfossen har ingen utprega biologiske kvalitetar knytt til skogen rundt vassdraget, men det er registrert enkelte fuktigheitskrevjande mosar. Ei fossesprøytzone er i utgangspunktet avhengig stabil vassføring og fosserøyk i fossen. Vi har ikkje kunnskap om verdien av den registrerte fossesprøytsona er blitt redusert etter reguleringa.

Det er vidare to andre vassdrag som er påverka av utbygginga; Åmela og Stårheimselva. Desse to vassdraga er ikkje tatt med i revisjonskravet.

Åmela

Elva er nedstraums inntak Åmela kraftverk utan minstevassføring. Opphavleg anadrom strekning var her om lag 400 m. Det er gitt pålegg om utsetting av innlandsaure i Åmela (600 1-somrig), men fisken blir sett ut i Steinkvivatnet i staden for på grunn av lita vassføring i Åmela. Ål førekjem i vassdraget ifølge rapporten *Naturfaglige konsesjonsvilkår knyttet til vasskraftutbygging* i Møre og Romsdal (Eklo 1993).

NORCE (Kartlegging av sjøørretvassdrag i Volda 2021 – rapport 457-2022) har kartlagt inngrep, habitat og fisketettleik i vassdraget. Dei viser til at elva hovudsakleg består av elveklassane stryk og kvitstryk, med kortare strekninga glattstraum, samt to kulpar i øvre del. Elva har i stor grad begroing av mose som truleg skuldast reguleringa, men også manglande kantvegetasjon som gir auka solinnstråling. Det vart observert få og svært små gyteområde i elva. Effektane av redusert vassføring er ikkje kvantifisert. Det blir likevel peika på at vassdekt areal er betydeleg mindre enn naturleg i tørre periodar, både sommar og vinter. Ungfiskundersøkingane ga ikkje fangst av laks, men både årsyngel og eldre ungfisk av aure tilsvarande *moderat økologisk tilstand*. NORCE konkluderer med at tilgang på gyteareal er den begrensande habitatflaskehalsen i Åmela.

Før reguleringa skal det ha vore fiska ein del laks og sjøaure i Åmela. Det ligg ikkje føre nokon fangsstatistikk. Dei einaste opplysningane vi kjenner til er frå skjønnsdokumenta frå 1975. Her opplyser fiskerisakkyndig at Åmela er storsteinet og stri og ei typisk flaumelv og lakseførande del er i hovudsak omgitt av dyrka mark. Det blir vidare vist til at denne strekninga har fleire gode høler og at dei øvste hølane er rekna som gode gyteplassar. Det er ikkje drive kultiveringsarbeid og det blir ikkje selt fiskekort. Det er sporadisk med data, men det blir opplyst at det i 1972 vart fiska 137 kg laks (største på 12,5 kg) og i 1975 71 kg.

Åmela har ei kort anadrom strekning der reguleringa har verka negativt inn på fiskeproduksjonen. Det er potensiale for betring av tilstanden, både ved habitatforbetrande tiltak og/eller slepp av meir vatn. Vi vil tilrå at dette blir nærare utgreidd i revisjonsprosessen.

Stårheimselva

Denne skal ha minstevassføring 75 l/s sommar og 30 l/s vinter, men sidan øvre del av elvestrekninga i stor grad er tørrlagt tyder det på at det ikkje blir slept vatn no. Vassdraget ligg i Vestland fylke. Vi viser derfor til fråsegn frå Statsforvaltaren i Vestland.

Oppsummering

Revisjonsdokumentet fokuserer hovudsakleg på avbøtande tiltak i Norddalselva og Åheimselva, med forslag til ei rekkje konkrete habitattiltak. Sjølv om det her er vist til mange gode og aktuelle tiltak, er dette tiltak som i utgangspunktet er vurdert ut frå dagens vassføringsregime. Vi saknar ei nærare vurdering/omtale av konsekvensane av fråført vatn i desse vassdraga og moglege miljøeffektar ved auka slepp av vatn (minstevassføring).

Det er registrert ein del naturfaglege verdiar langs Åheimsvassdraget. Om eller i kva grad redusert vassføring har påverka desse negativt bør synleggjerast i revisjonsarbeidet

Vi registrerer at revisjonsdokumentet omhandlar berre to av vassdraga som er rørt av utbygginga. Når det blir opna for revisjon vil det vere naturleg å vurdere heile utbygginga; dvs ein gjennomgang og synleggjering av konsekvensane av utbygginga og vurdering av moglege avbøtande tiltak for alle dei rørte vassdraga.

Med helsing

Bjarne Otnes (e.f.)
fagleiar

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND AVD BERGEN	Kaigaten 9	5020	BERGEN
VANYLVEN KOMMUNE	Rådhusvegen 1	6143	FISKÅ
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
MILJØDIREKTORATET	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
VOLDA KOMMUNE	Stormyra 2	6100	VOLDA